

REFERAT FRÅ FAU-MØTE VED KLEPP UNGDOMSSKULE 27.MARS 2017

Tilstades: Øyvind Braut, Thomas Hebo, Elin Oftedal Braut, Arild Ollestad, Kjetil Mykjebust og Elisabeth Soma Håland

Sak 1: Godkjenning av referat.

Referatet blei godkjent.

Sak 2: Informasjon frå rektor:

- Rektor, Marit Sørensen, er 100% sjukemeldt, iallefall fram til påske. I tillegg til assisterande rektor, er dei to avdelingsleiarane med og ivaretar oppgåvane hennar.
- Skulen har begynt planlegginga av neste skuleår, og arbeidet med å ta imot dei om lag 135 nye 8.klassingane er godt i gang.
- Alle dei vaksne på skulen har nå fått læringsbrett (iPad) og er i gang med opplæring. Innan skulestart neste skuleår skal alle elevane på komande 8. trinn ha fått eige læringsbrett, og iløpet av året resten av elevane.
- 10.trinn er inne i siste innspurt med tentamen og snart eksamensperiode. Nytt for i år er at skulen skal bruke kantina i idrettshallen som eksamenslokale. Det vil hjelpe på romutfordringane for resten av skulen.
- Kjetil etterspør skilting ned til parkeringsplassen til skule vedrørande innkøyring forbudt i tidsrommet rundt skulestart og skuleslutt. Kan Gunnvald ta det med til neste møte i Kommunalt FAU?
- Kommunen ønsker at alle ungdomsskulane skal ha eit arbeidslivsfag. Klepp ungdomsskule har i fleire år hatt mekkegruppe, verkstadgruppe og kantinegruppe, men ønsker nå ein meir fastsatt plan for dette faget. Arbeidslivsfaget kan òg innebere at elevar vert utplasserte på ein arbeidsplass.

Sak 3: Partnerskap mot mobbing:

Me diskuterte vidare på saken kring partnerskap mot mobbing, og kva for rolle FAU skal ha i dette arbeidet. Ein idé me vil arbeida vidare med er om alle foreldrekontaktane skal arrangere ein kafèdialog på foreldremøta til hausten. Me vil tenka vidare på evt spørsmål og situasjonar som kan vere tema på ein slik kafèdialog, og ta dette opp på neste FAU-møte. Eit anna forslag som me vil diskutere på neste møte, er om mobbing skal vere eit tema på FAU sitt årsmøte til hausten.

Sak 4: Ungdomsmiljøet på Klepp:

Me hadde ein lang diskusjon angåande ungdomsmiljøet på Klepp, både når det gjeld drikking, rus, ungdommar som heng på og rundt Jærhagen, m.m.. Me har eit inntrykk av at dette er noko som kan ha utvikla seg i negativ retning den siste tida. Derfor tenkte me at det kunne vere aktuelt å knytte dette temaet òg opp mot ein evt kafèdialog på foreldremøta til hausten. Det kan vere med på å gjere foreldra meir bevisste på deira rolle i.f.t ungdommane sine. Kva krav stiller me til ungdommane, innetider, når er det greit å la dei vere heime åleine,...?

Sak 5: Info frå Kommunalt FAU:

Sidan Gunnvald ikkje var på møtet, var det ikkje info frå Kommunalt FAU.

Sak 6: Igangsetjing av komite til 10.klassefest:

REFERAT FRÅ FAU-MØTE VED KLEPP UNGDOMSSKULE 27.MARS 2017

Oppstartmøte for komitéen til 10.klassefesten blir 19.april kl.19.00. Då stiller representantar frå FAU, samt alle foreldrekontaktane på 10.trinn.

Neste FAU-møte er måndag 24.april kl.18.30.

Saker:

- Lage ein plan for arbeidet til FAU fram til sommaren og utover hausten. Det innebærer bl.a arbeidet med Partnerskap mot mobbing og årsmøte til hausten.

Referent – Elin Oftedal Braut